


# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

TILTAKSPLAN VED MOBBING



## SOLEVÅG SKULE

6037 EIDSNES

Solevåg skule.  
**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**  
**TILTAKSPLAN VED MOBBING.**

---

INNHALD:

Innhaldsregister	s. 2
1. 1. Visjon for skulen.	s. 3
1.2. Bakgrunn for planen.	"
2 FOREBYGGING:	"
2.1. Trygt klasse- og skulemiljø.	"
2.2. Samarbeid på tvers av klassetrinna.	"
2.3. Fadderordning.	"
2.4. Friminuttsaktivitetar.	s. 4
2.5. Inspeksjon.	"
2.6. Haldningsskapande arbeid.	"
2.7. Elevsamtalar / foreldremøte.	"
2.8. Samarbeid heim / skule.	"
2.9. Foreldrekurs om mobbing.	"
2.10. Straffereaksjonar.	"
2.11. Gjennomgang av ordensreglar,	"
3 AVDEKKING AV MOBBING:	s. 5
3.1. Definisjon av mobbing.	"
3.2. Årleg spørjeundersøking.	"
3.3. Bruk av resultata.	"
3.4. Kommunikasjon heim-skule.	"
3.5. Elevsamtalar.	"
3.6. Tema i klassa.	"
4 TILTAKSPLAN VED MOBBING:	s. 6
4.1. Tiltakskjede som skal følgjast.	"
4.2. Andre ting som kan gjerast.	s. 7
4.3. Reaksjonar ved mobbing.	"
4.4. Einskildvedtak ved klagesaker.	"
Vedlegg:	
- SPØRJESKJEMA OM MOBBING.	s. 8-11
- PERSONLEG MOBBEAVTALE	s. 12
- ORDENSREGLAR.	s. 13

Solevåg skule.  
**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**  
**TILTAKSPLAN VED MOBBING.**

---

**1.1. VISJON FOR SKULEN:** "Solevåg skule- med syn for alle."

**1.2. BAKGRUNN FOR PLANEN:**

Departementet sin intensjon er at kvar skule skal utarbeide ein handlingsplan mot mobbing.

I Innst.S.nr. 15 (95/96)-om prinsipp og retn.liner for 10-årig gr.skule-heiter det:

"Retten til eit mobbefritt miljø må lovfestast og retn.liner for skulens virksomhet utformast, slik at kamp mot mobbing og krenkjande oppførsel blir ein kontinuerleg prosess i skulens daglege verksemd."

I Rundskriv F-4/96 frå KUR: Mobbing i skulen, heiter det:

"Skulens tilsette,foreldre og elevar må ansvarleggjerast og samarbeide for å hindre mobbing. Skulane v. rektor må utarbeide ein eigen handlingsplan mot mobbing i nært samarbeid med elevar og foresatte."

**2 FOREBYGGING:**

MÅL: Alle elevar skal ha eit trygt klasse- og skulemiljø utan mobbing.

**2.1. Trygt klasse- og skulemiljø.**

Solevåg skule arb. kontinuerleg med å skape og oppretthalde eit trygt klasse- og skulemiljø. Ein må arb. langsiktig med å få klassene og skulen til å fungere som eit sosialt system. Store aksjonar og skippertak har ikkje den same verknaden. Ein må arb. kvar dag og kvar time for å skape ein skule som ikkje gir grobotn for mobbing verken på skulen eller på skulevegen. All forskning viser at det er skulens sosiale - og mellommenneskelege klima som er mest avgjerande for at alle partar skal trivast der.

**2.2. Samarbeid på tvers av klassetrinna.**

Lærarane ved skulen har eit nært og godt samarbeid. Dette har ført til at eit av skulens satsningsomr. i framtida er å la elevane arb. meir på tvers av klassetrinna. Fellesarrangement, i eller utanfor skulens lokale, er med på å sveise elevane saman.

**2.3. Fadderordning.**

Ei betre utvikling av fadderordninga har alt kome i gang. Ved å la 6.klasse vere fadderar til 1.klasse, kan desse fungere i to år. Skulen legg stor vekt på å styrke samarb. mellom fadrar og fadderelevar.

Solevåg skule.  
**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**  
**TILTAKSPLAN VED MOBBING.**

---

**2.4. Friminuttsaktivitetar.**

Ved bygging av ny skule og idrettshall vart uteområdet også utvida og oppgradert med mange nye og spanande leikeapparat, ein stor gapahuk og ei fin fotballbane. Eit stort skogsområde er urørt og inviterer til fri leik. Elevrådet bestemmer/fordeler bruken av leikeapparat og fotballbana mellom små- og storskulen.

**2.5. Inspeksjon.**

For å forebygge uønska åtferd, og for å avdekke mobbing der det måtte skje, har skulen til ei kvar tid ein plan for inspeksjon. (prosedyre nr. D- I)

**2.6. Haldningsskapande arbeid.**

I samtlege klasser ved skulen blir det arb. med det haldningsskapande opplegget til Lions: "Det er mitt valg." Lærarane ved skulen er kursa i bruken av dette opplegget, som går på det å skape godt klassemiljø og mellommenneskeleg forståing. I opplegget inngår også den 55 min. lange musikalen "Jakten på sjølvtiliten". Her møter vi Jens som får hjelp til å bygge opp att sjølvtiliten sin.

**2.7. Elevsamtalar / foreldremøte.**

Gjennom elevsamtalar og foreldremøte vert det arb. for å få oversikt over korleis elevane trivst på skulen og korleis dei har det på skulevegen.

**2.8. Samarbeid heim / skule.**

For å skape eit pos. og trygt skulemiljø er det viktig at samarb. med foreldra fungerer. Skulen ser det som viktig at foreldra er med så ofte som mogleg, og at dei blir inviterte til å bli med på turar og div. arrangement på skulen og i skulens regi. Det er heilt naturleg å bruke foreldra som vakt ved diskotek / elevkveldar. Kontaktlærarane har ansvaret for at foreldra blir informerte om handlingsplanen mot mobbing kvar haust. Rådsorgana ved skulen skal også godkjenne planen.

Skulen legg ut informasjonshefte på heimesida i sept. månad. I heftet står bl.a. alle reglar, prosedyrar og rutiner ved skulen. Nye foreldre/familiar som kjem til skulen får info om dette.

**2.9. Foreldrekurs om mobbing.**

Slike kurs har ein forebyggjande verknad. Fleire gode kurshaldarar er å få tak i.

**2.10. Straffereaksjonar.**

Det er og viktig at foreldra er informerte om, og har forståing for, dei straffereaksjonane skulen bruker ved uønska åtferd. Her har skulen "ei oppegåande prosedyre" ved uønska åtferd som fungerer godt.

**2.11. Gjennomgang av ordensreglar.**

Kvar haust skal ordensreglane godkjennast av Samarbeidsutvalet ved skulen. Kontaktlærarane i alle klassar har ansvaret for at elevane får ein gjennomgang av reglane med jamne mellomrom.

# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.

## TILTAKSPLAN VED MOBBING.

---

### 3. AVDEKKING AV MOBBING.

**3.1. Definisjon av mobbing:** “Med mobbing eller plaging forstår vi psykisk og/eller fysisk vald retta mot eit offer, utført av einskildpersonar eller grupper. Mobbing forutsett eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar. Vanlegvis bruker ein ordet mobbing når episodene gjentek seg over tid. Hendingar som rammer ein elev ein einskild gong, kan imidlertid også ha karakter av mobbing.”

### 3.2. Årleg spørjeundersøking.

For å kartleggje omfanget av evt. mobbing, vil skulen kvar haust, i oktober/november, gjennomføre ei spørjeundersøking om mobbing. (sjå eige skjema.) I dei lavaste klassene må ein kunne ta dette muntleg. Undersøkinga blir gjennomført i same timen for heile skulen, og svara blir levert inn anonymt.

### 3.3. Bruk av resultatata.

Kontaktlærarane har ansvaret for at svara blir samanfatta og levert til rektor. Rektor bearbeider desse og informerer lærarkollegiet om resultatet av granskinga. Kontaktlærarane har så ansvaret for å informere elevane i eiga klasse om res. av granskinga. Dette gjeld om tilhøva ved skulen generelt, og i klassa spesielt. FAU, og dermed klassekontaktene, skal også informerast.

### 3.4. Mobbeavtale med dei som utmerkjer seg.

Dersom ein eller fleire utmerkjer seg neg. i undersøkinga, skal rektor inngå ein generell skriftleg mobbeavtale med desse. (sjå s. 11)

### 3.5. Kommunikasjon heim-skule.

For å avdekke mobbing på eit så tidleg tidspkt. som råd, er det viktig med ein god kommunikasjon mellom heim og skule. Skulen er gjennom føresegner pålagt å kalle inn til foreldre-konferansar og klasseforeldremøte. I begge desse fora skal både temaet mobbing og denne handlingsplanen mot mobbing takast opp. I tillegg bør vi ha opne kanalar av meir uformell karakter slik at ein på eit tidleg stadium kan avdekke mobbing. Det er naturleg at foreldre/ føresette tek kontakt med kontaktlærar dersom ein har mistanke om at mobbing foregår.

### 3.6. Elevsamtalar.

Det er heilt naturleg at kontaktlærar her tek emnet opp med kvar einskild elev. Korleis har eleven det på skulen? I timane, i friminutta, på skulevegen,....? Har eleven sjølv opplevd eller sett mobbing ?

### 3.7. Tema i klassa.

Ikkje berre i samband med mobbeundersøkinga, men også ved andre høve bør dette emnet takast opp. Spesielt i småskulen er det viktig å få elevane til å forstå kva mobbing er for noko. Det er viktig at alle blir innprenta at det ikkje er “å sladre” når ein fortel om mobbing som foregår. Forebyggjande og haldningsskapande arb. i klassene kan også avdekke evt. mobbing.

Solevåg skule.  
**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**  
**TILTAKSPLAN VED MOBBING.**

---

## 4 TILTAKSPLAN VED MOBBING.

### 4.1. Tiltakskjede som skal følgjast:

#### **1: Samtale med mobbeofferet.** Ansvar: Kontaktlærer.

(Dersom det er andre enn kontaktlærer som først får greie på mobbinga, må kontaktlærer straks få beskjed.) Eleven skal oppleve støtte frå læraren. Det skal bli gitt klart uttrykk for at læraren ikkje vil akseptere at mobbinga fortsetter. Læraren skal vere lydhør overfor alt mobbeofferet vil fortelje om sin situasjon. Læraren skal lytte aktivt og stille oppklarande spørsmål. Ein skal ikkje omtale plagaren som person negativt; det er åtferda ein vil til livs, ikkje eleven. Mobbeofferet skal informerast om kva læraren har tenkt å gjere vidare. Læraren skal "frita" mobbeofferet for ansvar for å få slutt på mobbinga. Det skal avtalast tid for neste samtale. (Det bør ikkje gå lang tid.) Læraren må kontinuerleg informere mobbeofferet om det som har skjedd og som skal skje.

#### **2: Samtale med "mobbaren".** Ansvar: kontaktlærer.

Her vil mobbaren /-ane få høve til å leggje fram sin versjon av det som har hendt. I situasjonar med fleire mobbarar, bør dei første samtalane vere individuelle og fortløpande slik at dei ikkje får høve til å snakke med kvarandre. Slik sikrar kontaktlæraren seg eit meir nyansert bilete av saka.

Innhaldet i desse samtalane:

- Mobbaren må konfronterast med alvoret i situasjonen.
- Læraren skal ikkje gå i diskusjon med mobbaren, men han /ho skal ha høve til å uttale seg.
- Ein må få mobbaren til å ta avstand frå mobbinga.
- Ein må få mobbaren til å forplikte seg på posetiv åtferd overfor offeret.

#### **3: Rektor blir orientert.** Ansvar: kontaktlærer.

Kontaktlærer og rektor avtaler vidare arbeid og ansvarsfordeling. I alvorlege høve er det rektor som svarer på spørsmål, evt. frå pressa.

#### **4:Evt. samtale med mobbarane samla.** Ansvar: kontaktlærer / evt. rektor.

Dette bør skje like etter dei individuelle samtalane. Her må gruppa få informasjon om det som har komt fram under dei individuelle samtalane og dei forpliktelsane som er gjort. Det skal gjerast avtale om nytt møte om 2-4 dagar der mobbarane skal informere om korleis det går. Desse samtalane skal fortsette til situasjonen har stabilisert seg.

Solevåg skule.  
**HANDLINGSPLAN MOT MOBBING.**  
**TILTAKSPLAN VED MOBBING.**

---

**5: Informasjon / orientering av foreldra til offeret.** Ansvar: kontaktlærer / evt. rektor.  
Evt. oppfølging av saka og vidare saksgang skal her drøflast.

**6: Informasjon / orientering av foreldra til “mobbaren”.** Ansvar: kontaktlærer / evt. rektor.  
Foreldra blir her informert om problemet og kva skulen har gjort og vil gjere. Når “mobbaren” sine foreldre blir involvert, skal samtalar i første omgang vere individuelle.

**7: Informasjon / orientering av lærarkollegiet.** Ansvar: kontaktlærer / rektor,

#### **4.2. Andre ting som kan gjerast:**

**a) Samtale med offer og “mobbar” samla.**

Dette vil kunne ta vekk litt av spenninga dei imellom og ein kan her inngå avtalar.

**b) Klassemøte med andre elevar / tilskodarar.**

Måten dette blir gjort på bør godkjennast av mobbeofferet og/eller foreldra.

**c) Klasseforeldremøte.**

Måten dette blir gjort på bør godkjennast av mobbeofferet og/eller foreldra. “Mobbaren” sine foreldre må informerast. Dei må også godkjenne evt. bruk av namn i saka.

**d) Foreldre-/elevkurs om mobbing.**

Som tidlegare nemnt har slike kurs også ein forebyggjande verknad. Film og teater kan også nyttast.

#### **4.3. Reaksjonar ved mobbing:**

Når mobbing oppstår, vil ein i kvart høve vurdere vidare tiltak utover det som er nemnt i pkt. 4. 1. Reaksjonar / sanksjonar som kan bli nytta, er tiltak som evt. er heimla i gjeldande ordensreglar ved Solevåg skule, og i Føresegner for grunnskulen.

- Sanksjonar bør ikkje brukast i første omgang, men må vere kartlagde slik at dei kan nyttast om det vert naudsynt. Dette må avklarast i kvart tilfelle.
- Sanksjonar (vedtekne i Samarbeidsutvalet 16.10.14):
- - Bortfall av friminutt.
- - Foreldre må følgje mobbar til/frå skulen.
- - Om dette ikkje lar seg gjere, så må mobbar kome akkurat til /vente etter – skuletid.
- - Melde mobbar opp til SamBa-møte.

#### **4.4. Einskildvedtak ved klagesaker.**

Dersom skulen mottek klager vedr. det psykososiale miljøet ved skulen, skal skulen snarast råd handsame saka etter reglane om einskildvedtak i forvaltningslova. Dersom skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det vart gjort enkeltvedtak.

**3. - 4. klasse: SPØRJESKJEMA OM MOBBING for dette skuleåret \_\_\_\_\_:**

Spørjeskjemaet handlar om mobbing på skulen og på skulevegen. Du skal ikkje skrive namnet ditt på skjemaet. Ingen skal vite kven som svarer.

Det er mobbing når ein eller fleire gjer vonde og ubehagelege ting mot ein annan, og at dette skjer fleire gongar. Dette kan vere å slå, sparke eller dytte. Det kan også vere å erte på ein vond måte, eller å fryse ut nokon slik at ho/han ikkje får vere saman med andre.

Set kryss:

1. Gut  Jente  i \_\_\_\_\_ klasse.

**På skulen:**

2. Bruker du å bli mobba på skulen?

Ja  Nei

3. Kvar på skulen er det mobbinga skjer?

Skriv staden/stadane:

---

---

4. Fortel om ein av gongane du vart mobba:

---

---

5. Bruker du å mobbe andre på skulen?

Ja  Nei

Om ja; fortel. om ein gong:

---

---

**På skulevegen:**

6. Bruker du å bli mobba på skulevegen?

Ja  Nei

Om ja; fortel om ein gong:

---

---

---

7. Bruker du å mobbe andre på skulevegen?

Ja  Nei

Om ja; fortel om ein gong:

---

---

---



**Om det å vere tilskodar:**

8 a. Har du sett at andre elevar er blitt mobba?

Ja  Nei

b. Om ja; kven blir mobba: \_\_\_\_\_ og kven mobba: \_\_\_\_\_

c. Veit du om nokon ved skulen vår som sjeldan får vere ilag med andre?

Ja  Nei

d. Om ja; kven? Namn: \_\_\_\_\_

9. Dersom du har opplevd slike ting som på 8a eller 8c, har du prøvd å gjere noko med det du har sett?

Ja  Nei

10. Om ja på 9, kva gjorde du?

Skriv her: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

**Om forholdet til dei vaksne ved skulen:**

11. Har du blitt mobba av ein vaksen ved skulen etter sommarferien?

Ja  Nei

Om ja på 11; fortel om det.

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

12. Veit du om andre elevar som er blitt mobba av vaksne ved skulen etter sommarferien?

Ja  Nei

13. Om ja på 12; fortel om det.

\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

TAKK FOR HJELPA !

5. - 7. klasse: **SPØRJESKJEMA OM MOBBING** for perioden: \_\_\_\_\_

Spørjeskjemaet handlar om mobbing på skulen og på skulevegen. Du skal ikkje skrive namnet ditt på skjemaet. Ingen skal vite kven som svarer. Det er mobbing når ein eller fleire gjer vonde og ubehagelege ting mot ein annan, og at dette skjer fleire gongar. Dette kan vere å slå, sparke eller dytte. Det kan også vere å erte på ein vond måte, eller å fryse ut nokon slik at ho/han ikkje får vere saman med andre.

Set kryss:

1. Gut  Jente  i \_\_\_\_\_ klasse.

**Kva er mobbing?**

---

---

---

**På skulen:**

2. Kor ofte er du blitt mobba på skulen i perioden \_\_\_\_\_ ?

Aldri

2 – 3 gonger  Når? \_\_\_\_\_

Omtrent kvar veke

Omtrent kvar dag

3. Kvar på skulen er det mobbinga skjer?

Skriv staden/stadane: \_\_\_\_\_

---

4. a) Fortel om ein av gongane du vart mobba i denne perioden? \_\_\_\_\_

---

b) Når skjedde dette? \_\_\_\_\_

5. Kor ofte i denne perioden har du mobba andre elevar på skulen?

Aldri

2 – 3 gonger

Omtrent kvar veke

Omtrent kvar dag

**På skulevegen:**

6. Kor ofte i denne perioden er du blitt mobba på skulevegen?

Aldri

2 – 3 gonger

Omtrent kvar veke

Omtrent kvar dag

7. Kor ofte i denne perioden har du mobba andre elevar på skulevegen?

Aldri

2 – 3 gonger

Omtrent kvar veke

Omtrent kvar dag

**Om det å vere tilskodar:**

8 a. Har du sett/opplevd at andre elevar er blitt mobba i denne perioden?

Ja  Nei

b. Om ja; namn på mobbeoffer: \_\_\_\_\_ og mobbar: \_\_\_\_\_

c. Veit du om nokon ved skulen vår som sjeldan får vere ilag med andre?

Ja  Nei

d. Om ja; kven? Namn: \_\_\_\_\_

9. Har du prøvd å gjere noko med dette, dersom du har opplevd slike ting som på 8a eller 8c

Ja  Nei

10. Om ja på 9, kva gjorde du?

Skriv her: \_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_  
\_\_\_\_\_

**Om forholdet til dei vaksne ved skulen:**

11. Har du nokon gong i denne perioden blitt mobba av ein vaksen ved skulen?

Ja  Nei

Eventuelt, korleis skjedde det? \_\_\_\_\_

12. Veit du om andre elevar som er blitt mobba av vaksne ved skulen i denne perioden?

Ja  Nei

Eventuelt, korleis skjedde det? \_\_\_\_\_

13. Kan du tenke deg å snakke med ein vaksen om dette?

Ja  Nei  Kven? \_\_\_\_\_

TAKK FOR HJELPA !

Solevåg skule har nettopp gjennomført sin årlege mobbeundersøking blant elevane. Det generelle resultatet av undersøkinga er gitt til FAU. Dei av elevane som utmerkjer seg ved å vere nemnt fleire gongar av andre elevar som mobbarar/ertarar, må inngå følgjande personlege mobbeavtale:

## PERSONLEG MOBBEAVTALE

Eg, ..... , vil med dette love at eg ikkje skal vere stygg med / mobbe andre verken munnleg eller fysisk. Dette gjeld både på skulevegen og på skulen.

Avtalen vil bli vurdert heile tida. Vi tek oss eit nytt møte om tre veker.

.....  
rektor Solevåg skule.

.....  
elev

Sett: .....  
namn på føresette

# REGLEMENT FOR SOLEVÅG SKULE/SFO: (godkjende i SU 04.10.16)

I den tida du går på skule har du rett til gratis undervisning, lærebøker, skulemateriell, legek kontroll, og tannhelseteneste. Viktig er det også å kjenne til dei pliktene du har som skuleelev.

Kvar skule har sine ordensreglar som skal hjelpe oss til å få eit godt og triveleg skulemiljø. Skal det lukkast, er det mellom anna om å gjere at ingen ertar eller plagar andre på skulevegen eller på skulen.

For Solevåg skule har vi desse ordensreglane:

## I. SKULEVEGEN – FRAMMØTE.

- ☺ Vis fin framferd og hald deg til trafikkreglane på veggen til og frå skulen.
- ☺ Bruk ikkje bilvegen der du kan følge gang-/sykkelvegen eller andre vegar du har lov å gå på.
- ☺ Møt på skulen i rett tid.

## II. SYKLING.

- ☺ Elevar blir oppmoda om å ikkje sykle til skulen før våren i 3. klasse.
- ☺ Sykkelen skal leiast ned bakken.
- ☺ Elevar på framkomstmiddel med hjul (sykkel, sparkesykkel ol.) skal bruke hjelm.  
Desse to reglane gjeld både for sykkel, sparkesykkel, rullebrett, rulleskøyter og rullesko:
- ☺ Set slikt utstyr på tilvist plass.
- ☺ I skule-/SFO-tida er det ikkje lovleg å nytte slikt utstyr på skuleområdet.

## III. PÅ SKULEN.

- ☺ Ver høfleg og vis god framferd mot alle du har med å gjere på skulen og skulevegen.  
Brot på dette kan føre til bortfall av friminutt.
- ☺ Elevane skal vere ute i friminutta. Lærarane avgjer eventuelle unntak.
- ☺ Møt opp straks det er «inn».
- ☺ Rett deg etter dei som har tilsyn i friminutta. (pros. D-1)
- ☺ Forlat ikkje skuleområdet i skuletida utan løyve.
- ☺ Snøballkasting er tillate berre på tilvist plass. (pros. D-5)
- ☺ I timane skal det vere arbeidsro og orden.
- ☺ I kvar klasse bør det veljast ordenselevar og tillitselevar.
- ☺ Ta ikkje med deg pengar til skulen utan du har løyve heimanfrå. Legg ikkje att pengar, eller anna du er redd for, i yttertøyet på gangen.
- ☺ Ver stille i gangane. Gå roleg og pent til og frå undervisningsromma.
- ☺ Hald orden på toaletta. Ver der ikkje utan grunn.
- ☺ Tyggegummi, søtsaker, tobakk og rusmiddel er forbode. Halsdrops er tillate v. melding heimanfrå.
- ☺ Bruk av mobiltelefon, dataspel, i-pod og liknande er forbode. (pros. D-7)
- ☺ Pass godt på bøkene og dei andre skulesakene dine. (pros. D-6)
- ☺ Ingen må fingre med eller ta andre sine eigendelar. (pros. D-4)
- ☺ Elevane kan ha festar og andre tilstellingar på skulen i tråd med gjeldande utleigereglar.

NB! Merknadane i parentes viser til prosedyrane i skulen sitt kvalitetssikringssystem.

Handhevinga av ordensreglane må sjåast i samanheng med desse prosedyrane.

Ordensreglane gjeld og for SFO der det er relevant.

Føresette blir av samarbeidsutvalet oppmoda om å gå gjennom ordensreglane saman med barna sine.

